

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Sigurd Aukland
Arkivsaksnr.: 16/3706 - 4

Arkiv: 035 A

Planlagt behandling:

Hovudutval for skule og barnehage

SAMARBEID HEIM-SKULE, VIDARE UTVIKLING (DEL 3)

Dette er den tredje saka i hovudutval for skule og barnehage med sikte på å vidareutvikla foreldresamarbeidet i Kleppskulen. Den første saka blei behandla i august 2015 (sak 24/15) og omhandla 9 punkt for vidare tiltak. Den andre saka i november 2016 (sak 45/16) gjorde greie for korleis dei 9 punkta var følgde opp. Drøftingane i den saka førte så til to nye vedtak:

2. Hovudutvalet ber etatsleiinga arbeida vidare med:

- a. Tiltak for å sikra betre kontinuitet i samarbeidet mellom foreldre og skule
- b. Tiltak for å involvera og inkludera foreldre med fleirkulturell bakgrunn betre i samarbeidet med skulen.

a. Tiltak for å sikra betre kontinuitet i samarbeidet mellom foreldre og skule.

Det er stor utskifting av foreldre som tek på seg verv som foreldretillitsvalde i Kleppskulen. Årsakene til stor gjennomtrekk er nok mange og samansette. Det er likevel slik at kontinuitet og framhald i roller mest er ein føresetnad for å gjera ein god jobb og for å kunna påverka i eit så komplekst og mangslunge system som skulen er. Opplæringslova slår dessutan fast at det er foreldra som har hovudansvaret for oppsedinga til barna. Dermed skulle ein håpa at rolla som foreldretillitsvalde blei oppfatta som så viktig og motiverande at det var kamp om verva.

Tiltak for å betra kontinuiteten i samarbeidet er drøfta ved fleire høve i Kommunalt foreldreutval (KFU), seinast i møtet 09.02.2017. Også på rektormøte 08.01.2017 blei det arbeid med korleis kontinuiteten i foreldresamarbeidet kunne betrast. Desse momenta er aktuelle:

1. God struktur i ordningar som dreier seg om val. (T.d. er har foreldra på Engelsvoll skule etablert strukturar som sikrar overlapping, samanheng og brei medverknad).
2. Informasjon og deling. Avtroppande FAU må sikra at opplæring, verktøy, rutinar og arbeidsområde blir overlevert.
3. Involvering og relevans. Foreldretillitsvalde må oppleva at dei møter reell vilje til involvering. Dei må også oppleva at arbeidsområda er relevante og gir mening. Rolla som «kaffikokar og kakebakar» må i endå større grad bli erstatta med ei rolle som sikrar reell påverknad.
4. Rutinar som fungerer. FAU'a må ha innarbeidde rutinar for informasjon, møteverksemd, arbeidsoppgåver og arrangement. Dette vil sikra orden, oversikt og ansvarsdeling slik at «oj'san»-opplevingar blir unngått.

Konklusjon: Både skuleleiarane og FAU'a bør bruka momenta ovanfor til å vurdere eigen praksis og finna tiltak for forbetring.

b. Tiltak for å involvera og inkludera foreldre med fleirkulturell bakgrunn betre i samarbeidet med skulen.

Det er eit siktemål at alle foreldre, uansett bakgrunn og etnisitet, skal følgja opp og støtta barna deira i skulekvardagen. For foreldre frå andre kulturar kan det likevel vera ei ny rolle også å vera skuleforeldre. Dermed må også foreldre med fleirkulturell bakgrunn informerast om og oppmodast til å delta i det organiserte samarbeidet kring skulen.

Når dei ikkje gjer det, kan dette føra til utvikling av uønska haldningar i den samla foreldregruppa og til stigmatisering av foreldre med fleirkulturell bakgrunn. Det kan også føra til manglande heilskap og samhald i tiltak retta mot klasse- og skulemiljø når ein viktig samarbeidspart uteblir.

Samarbeidet på individnivå, om det einskilde barnet, avviker ikkje frå foreldre flest.

Årsakene til manglande samarbeid på klasse-/gruppe- og skulenivå kan vera mange:

- Manglande språkleg forståing og dermed kjensle av nederlag.
- Manglande forståing av innhald for samarbeidet og dermed kjensle av nederlag.
- Manglande forståing av forventningar om engasjement i norsk skule.
- Manglande involvering og dermed kjensle av utanforskap.
- Bruk av informasjon og beskjedar frå skulen som er lite konkrete eller prega av fagspråk.
- Uheldig tidspunkt t.d. på grunn av språkskule, kveldsarbeid og vanskar med barnepass pga manglande familienettverk.
- Erfaringar frå skulekulturar som er hierarkiske og autoritære, og som kanskje ikkje forventar samarbeid og involvering.

Tiltak som kan gjennomførast for å auka graden av involvering/inkludering:

- Følgja opp system/rutinar/invitasjonar med personleg kontakt.
- Laga ordning med vennegrupper kor foreldra blir engasjerte.
- Gjennomføra grundig oppstart samtale.
- Flytta delar av foreldresamarbeidet heim.
- Bruk av tolk.
- Bruka «likemenn og –kvinner» til å forklara om system, forventningar etc .
- Organisera foreldremøte med småbord og tid til samtale foreldra imellom.
- Gjennomføra elev-arrangement som også omfattar foreldre. Dette kan vera bursdagar, turar, spelekveldar, lesekveldar, internasjonal cafe og å invitera med på organiserte fritidsaktivitetar (idrett, musikk etc).

Samspelet mellom foreldre og skulen er komplisert i Noreg. Det skjer dessutan på ulike nivå. Mange instansar (barnehage, flyktingetenesta, helsestasjonen, språkstasjonen etc) er derfor også viktige støttespelarar for å fremja tett og aktivt samarbeid. Flyktingetenesta og helsestasjonen kan t.d. gjennomføra heimebesøk når foreldra uteblir over tid. Også Språkstasjonen på Bryne vil vera viktig for å førebu foreldra på forventningar kring heim-skule-samarbeid.

Etat for skule og barnehage har utvikla ein informasjonsfoldar om samarbeid foreldre-skule for foreldre med fleirkulturell bakgrunn. Foldaren er omsett til dei 7 mest aktuelle språka. (Sjå vedlagte utgåve på polsk).

Foreldre med fleirkulturell bakgrunn kan, gjennom å involvera seg i skulesamarbeid, finna ein arena som både kan gje sosiale og språklege gevinstar. På same måte kan foreldre med etnisk norsk bakgrunn gjennom eit auka mangfald av foreldre også auka forståinga av korleis både flykningar og arbeidsinnvandrar opplever det norske samfunnet. Det handlar om normal folkeskikk og å byggja relasjonar og sikra tilknytning.

Momenta ovanfor er komne fram i samspel med etaten sin rettleiar for minoritetsspråklege barn i barnehagen, tilsette ved språkstasjonen på Kleppe skule og styrar i Lyngmarka

barnehage. Erfaringar og forbetringstiltak blei også drøfta i Kommunalt foreldreutval (KFU) i møtet 09.02.2017.

Konklusjon: FAU'a blir bedne om å drøfta korleis foreldre med fleirkulturell bakgrunn betre kan involverast i samarbeidet med skulen. Etatskontoret følgjer opp tiltak kring flyktingetenesta, helsestasjonen og Språkstasjonen på Bryne.

Vedlegg:

- Informasjonsfoldar «Velkomen til skulen» - polsk versjon.

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

Rådmannen i Klepp 28.02.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.